



MØTEPROTOKOLL

Utval	Formannskapet og næringsutvalet
Møtestad:	Rådhuset. (oppmøte 08.30 på Grandmo lagshus)
Møtedato:	30.08.2017

Start kl.: 10.00. (deltaking på opning av Luster Vaksenopplæring frå kl 08.30 på Grandmo lagshus)

Slutt kl.: 12.15.

Til stades på møtet: Ivar Kvalen, (fekk permisjon kl.11.30 og deltok ikkje under delar av sak 72/17.) Marit Aakre Tennø, Geir Paulsen, Geir Arve Sandvik, Arne Johannessen (fekk permisjon og deltok ikkje under delar av sak 72/17), Elin Hauge

Forfall: Marianne Bugge,

Varamedl.: Jon Ove Lomheim

Frå adm. (evt. andre): Rådmann Jarle Skartun

Medlemene hadde ikkje merknad til innkalling og sakliste.

Marit Aakre Tennø leia møtet siste del av sak 72.

SAKLISTE

Saksnr.	Tittel
65/17	17/3450 Godkjenning av møtebok
66/17	17/2593 Norskopplæring for framandspråklege i Gaupne hausten 2017
67/17	17/3483 Vedlikehald av vegen frå Mørkrid til parkeringsplassen på Jervane
68/17	16/1975 Byggerekneskap - Kvitevollen bustadfelt
69/17	16/2604 Byggerekneskap Verket 2 - VVA-anlegg
70/17	16/3114 Årsmelding Ungdommens kommunestyre arbeidsåret 2016-2017
71/17	17/182 Rekneskap 2017. Rapportering og oppfølging i høve budsjett. 5/17
72/17	17/3457 Referat- og drøftingssaker

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Møteprotokoll er sendt til:

Medlemene, varamedlemer, rådmann, revisor, kontrollutvalet, biblioteket i kommunen, lokalavisa, NRK-Førde og Luster radio.

65/17

Godkjenning av møtebok

Handsaming:

Det var ikkje merknad til møteboka.

VEDTAK:

Møteboka frå møtet den 7.6.17 vart godkjent.

Elin Hauge og Geir Arve Sandvik vart valde til å skrive under på møteboka.

66/17

Norskopplæring for framandspråklege i Gaupne hausten 2017

Handsaming:

Rådmann informerte om at kurs 1 er fullteikna og at det sannsynlegvis vil verte eit kurs nr 2.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Luster kommune løyver inntil kr 100.000 til norskopplæring av arbeidsinnvandrarar, organisert av Folkeuniversitetet i Sogn og Fjordane. Løyvinga vert dekkja ved forbruk av næringsfondet.

67/17

Vedlikehald av vegen frå Mørkrid til parkeringsplassen på Jervane

Handsaming:

Ev bidrag frå nasjonalparkstyret er til drøfting.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Luster kommune finn ikkje å kunna betala ut ekstra tilskot til vedlikehald av vegen Mørkrid – parkeringsplassen på Jervane. Dersom det skulle vera aktuelt med større oppgradering av vegen, bør det vera aktuelt å søkja midlar gjennom bestillingsdialogen til verneområdeforvaltninga.

68/17

Byggerekneskap - Kvitevollen bustadfelt

Handsaming:

Rådmannen presiserte at meirforbruket i høve budsjettet er på kr.412 362,- (37.362+375.000)

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

1. Kommunestyret godkjenner byggerekneskapet for utbygging av byggjefeltet Kvitevollen i Luster med samla kostnad på kr. 6 207 362 kroner. I tillegg kjem kostnader til asfaltering berekna til kr.375.000.
2. Meirforbruket på kr. 37.362,- og kostnader til asfaltering, kr. 375.000,- vert dekkja av salsinntekter, tomtosal.

69/17

Byggerekneskap Verket 2 - VVA-anlegg

Handsaming:

Rådmannen presiserte at byggjekostnaden vil verte om lag 14,8 million kroner mot budsjettet inntil 17 million kroner der mindreforbruket er kommentert i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner byggerekneskapet for utbygging av bustadfeltet Verket 2 i Gaupne med påløpt kostnad på kr. 13 273 286 kroner. I tillegg kjem kostnad til attståande arbeid på 1,5 million kroner.

70/17

Årsmelding Ungdommens kommunestyre arbeidsåret 2016-2017

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Luster kommunestyre tek den framlagde årsmeldinga for Ungdommen sitt kommunestyre i Luster arbeidsåret 2016-2017 til orientering.

71/17

Rekneskap 2017. Rapportering og oppfølging i høve budsjett. 5/17

Handsaming:

Formannskapet kommenterte og stilte spørsmål.

Rådmann svarte og gav utfyllende informasjon.

Saka vert teken over i budsjettarbeidet med eiga sak på budsjett 2018 til formannskapet sitt møte 13.09.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Formannskapet tek informasjonen i saka til orientering.

Formannskapet har ikkje merknad til vidareføring av arbeidet som skissert i saka/vedlegga.

72/17

Referat- og drøftingssaker

Handsaming:

Skriftleg orientering:

Eksternt:

- Samhandlingsnytt juni 2017. *-referert.*
- Politiet i Vest politidistrikt, 15.06.17. Status i arbeidet med politikontaktar i Vest politidistrikt. *- referert, Jorunn Furuheim er oppnemnt som politikontakt for Luster.*
- Imdi og Ks 23.06.17. Informasjon om busetting av flyktningar i 2017 og 2018. *-referert.*
- Barne- og likestillingsdep. 30.06.17. Informasjon om endringar i ekteskapslova – kommunale vigsler frå 1. januar 2018. *-referert.*
- Kommunal- og moderniseringsdep. 30.06.17. Kommuneproposisjonen 2018 og revidert nasjonalbudsjett 2017. *-referert.*
- Miljødirektoratet 20.06.17. Tilsagn på tilskot kr. 150.000,-. Kortreist overskotsmasse til turveg Gaupne – Marifjøra. *-referert. Rådmann informerte om at det er gjort avtale for naust som må fjernast.*
- Statens vegvesen, 3.7.17. Rehabilitering av tunnelar i Luster 2018. Røneid-, Råum og Ottatunnelen. Informasjon om stengetider. *-referert.*
- LVK 7.7.17. Høgsterett forkasta kommunane sin anke i Statnett II saka. Vedlagt dom. *-referert.*
- Sogn regionråd 17.07.17 til Finansdep. Høyring - forslag om endringar i eigedom-skattelova og skattelova vedk. beskatning av produksjonslinjer. *- referert.*
- Skriv dat. 11.07.17 frå Oddvin Fossøy. Sognefjellstunnelane/Handspiktunnel – KVU. *-referert.*

Interkommunalt:

-

Internt:

- Ormelid.(notat) –referert.

Orientering i møtet:**Ordfører:**

- «Roleg» sommar.
- Landsmøte i LVK, 4 medlemar frå formannskapet deltok.

Rådmann:

- Informasjon om barnehageplass etter handsaming i klagenemnda. –referert, tok mot plass på Indre Hafslo.
- Skulebyte i Solvorn. – referert, innvilga skulebyte til HBU for ein elev.
- Lustrabadet, mva – referert, skatteetaten har bestemt seg for badet er opplevingsssenter noko som betyr billett mva mot refusjon mva. Krav om å få den fulle investeringsmomsen er sendt og er realistisk å oppnå.
–badet er stengt grunna vedlikehaldsarbeid. Det er noko flisreperasjon, men det har ikkje kome fram vesentlege skader ved nedtapping av bassenga.

Nærings saker, ev. ikkje off.:

- Breiband Hafslotun. – Utvida aktivitet, ML-senterert/Ecura, har stort behov for betre nett og kommunen deltek i eit spleiselag for å få det til. Bruk av breidbandmidlar i budsjettet.
- Hurtigladestasjon i Gaupne. – Det vert arbeidd med planar og sendt søknad pr 01.09. om å etablere stasjon m/4 plassar. Tiltaket vil krevje noko anleggsbidrag frå Luster kommune som vert finansiert av budsjettpost Gaupne sentrum(33570).

Personal og administrative saker, ev. ikkje off.:

- Rektor Indre Hafslo oppvekstsenter. –referert, Inger Marie Evjestad tek til om lag 01.10.

Drøfting i møtet:

- Møteplan hausten 2016.
-21.09 temamøte oppvekst. - referert, ikkje framlegg om endringar.

Open post:**Eventuelt/innspeil i møtet:**

- Opning av Luster vaksenopplæring. Formannskapet deltok i markeringa. Det vart gitt informasjon om det nye tilbodet; opplæringstilbodet, Biblioteket sin medverknad og Frivilligsentralen sin deltaking i dette og deira andre aktivitetar.
- Arne Johannessen informerte om at han er tilsett som leiar for politiet i Sogn og Fjordane og vil søka fritak for dei politiske verva i Luster kommune. Ut frå arbeidssituasjonen så vil dagens møte vera det siste møtet. -Ordføraren gratulerte med ny jobb og takka for innsatsen.
- SFO-ordningen i Luster ved overgang frå barnehage til 1.klasse i skulen. (i august rett før skulestart.) -Rådmann drøftar saka vidare.
- Utvikling i ev prosjekt på Harastølen.-Rådmann informerte at det er noko utvikling i saka, men at det er konkludert med at ein treng haust og vinter før det vert teke endeleg stilling til om det er grunnlag for å gå vidare med prosjektet.
- Bussparkering Gaupne.-Saka vart drøfta og rådmann vert bedd om å leggja fram eit notat til neste møte i formannskapet som klargjer saka.

Dagsorden for møtedagen:

08.30-10.00 Opning Luster vaksenopplæring. Lagshuset.

10.15-12.15 Møte i formannskapet.
(12.15-12.30 Møte i valstyret, eigen protokoll.)

VEDTAK:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.